



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 23/024	Dato:	26.03.2023

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	22.03.2023	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	28.04.2023	vedtak
Kommunestyret for kvar enkelt eigar	ikkje fastsett	orientering

AVTALE – UTTREDEN FRA HBR – ETNE KOMMUNE

HANDSAMING:

Tilråding frå brannsjefen

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek endeleg avtale i uttreden for Etne kommune slik den er lagt fram.

Saka vert lagt fram som ei orienteringssak i kvar enkelt kommune.

Sakshandsaming i styret 30.03.2023

Styret sin tilråding

Sakshandsaming i representantskapet 28.04.2023

Vedtak i representantskapet

SAKSOPPLYSNINGAR:

Etne kommune hadde uttreden frå Haugaland brann og redning iks med verknad frå og med 1.1.2023.

I representantskapsmøte 22.04.2022, sak 22/016 vart det etablert eit forhandlingsutval for HBR som har framforhandla ein avtale som regulerer prinsippa ved uttreden. Avtalen vil ferdigstillast når rekneskapet for 2023 er klart der nøkkeltal skal leggest inn i prinsippavtala.

Forhandlingsutvalet sitt mandat var å forhandle fram eit forslag til løysing overfor eit samla representantskap.

Signering av avtalen er gjort 5. desember og er vedlagt.

Avtala er oversendt forhandlingsutvalet for uttale før denne vert handsama i styremøte 30.03.2023. Det vart gjennomført møte i forhandlingsutvalet 28.03.2023 der dei tilrår avtala lagt fram i den versjon som er signert 05.12.2022.

Det er ein rekneskapsmessig kostnad som ikkje er klar per no, men som vil vera klar innan handsaming 28.03.2023. Saka vert derfor handsama med dette som utgangspunkt.

ØKONOMI:

Dei økonomiske tala i avtalen er henta ut frå rekneskap 2022.

Tingsinnskot/kapitalinnskot per 01.01.2016 etter selskapsavtala	kr	2 896 372
Tingsinnskot mellom 01.01.2016 - 31.12.2018	kr	5 169 203
Sum - Avgrensa opp til tingsinnskotet per 31.12.2018	kr	8 065 575

Bokført verdi av anleggsmidlar som skal overførast EK per 31.12.2022:

Tabell 1 - Etne	kr	4 995 965
Tabell 2 - Skånevik	kr	1 509 242
Tabell 3 - Utstyr	kr	337 399
Sum	kr	6 842 605

Tar omsyn til Etne sin andel av udekka KLP avviklingstilskot 5,33 % ^A **kr 197 094**

1 % krav i reduksjon i ramma	kr	50 094
Gjeld som følgjer overføring av køyretøy	kr	970 577
EK sin andel av bundne fond (5,33 %)	kr	75 864

UTLØYSINGSSUM **kr 81 068**

Hbr skal betale Etne kommune **kr 81 068**

^A Etne sin andel av udekka KLP avviklingstilskot vil leggest inn når KLP har gjort sin endelege pensjons-/aktuarutrekning.

VURDERINGAR:

Det er ikkje gjort vurderingar rundt sjølve avtala ettersom denne er handsama tidlegare i styre- og eigarmøte.

Faktura for Etne kommune sine kostnader i samband med avtala vert avvist de det vert vist til avtale punkt 8, siste avsnitt. Kostnadane er som vist:

52 650	Advokat
2 462	Timer økonomisjef
17 846	Timer kommunedirektøren
4 510	Timer kommunalsjef drift og utvikling
7 788	Timer personalsjef og lønnskantoret

85 256 Sum merkostnader som skal faktureres tilbake til EK

Haugesund 28.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: Avtale – 2022.12.05 – uttreden Etne kommune med rekneskapstal per 30.03.2023